



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Vestnes kommune
Brugata 10
6390 VESTNES

FYLKESKOMMUNEDIREKTØREN

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
PLAN-20/00307-14	03.11.2021	157958/2021/REGULERINGSPLAN/1539	Anders Smith-Øvland, 71 28 02 41	17.12.2021

Vestnes kommune - detaljregulering - reguleringsplan Salmar Genetics Vågstranda - gbnr 193/2 m.fl. – offentlig ettersyn - motsegn

Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvaltning, naturressursforvaltning og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

[Fylkeskommunens planverk](#) er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentlig ettersyn.

Innleiing

Saka gjeld forslag til detaljreguleringsplan for Salmar Genetics Vågstranda som no ligg no ute til offentlig ettersyn. Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå våre ansvarsområde følgande merknader:

Planfagleg vurdering

Bygda Vågstranda blei overført frå Rauma kommune til Vestnes kommune med verknad frå 01.01.2021. Gjeldande overordna arealdel for dette området er derfor kommunedelplanen for Vågstranda, vedteke i Rauma kommunestyre 01.08.1995. Planen er med andre ord tilårskomen, men likevel rettsleg bindande for arealbruken.

I det oversendte planforslaget er det under vurderingane i ROS-analysens punkt 67, gitt uttrykk for at ein under planlegginga har vore usikker på grensa mellom kommunedelplanens arealformål, friområdet FR og næringsområdet A1.

«...KDP Vågstranda er grovmaske, så det er vanskeleg å sjå om kor grense for arealformål går, men sidan det var ein bustadeigedom på tomte, er det sannsynleg at grense for friområdet vart lagt inntil bustadområdet, slik at utvidinga av næringsområdet er del av næringsformål i KPD...».

Det er vidare uttrykt følgande:

«... Tomta gbnr. 194/7 er kjøpt av SalMar med tanke på utviding av anlegget, i samband med kjøp av areal er det ikkje sett restriksjonar av bruk, då er det vurdert at tomte kan nyttast til næringsformål...».

Dersom der er strid mellom privatrettslege avtalar og gjeldande planar i medhald av plan- og bygningslova, er det likevel planen som styrer arealbruken.

Vi har gjennomført ei overlagsanalyse med flyfoto for Rauma 1971 og 2014, samt raster av kommunedelplan for Vågstranda 1995. Ut frå denne analysen (figur nedanfor) framstår byggeområdet A1 i overordna plan allereie utbygd/opparbeidd. Ei utviding av byggeområdet vidare vestover vil etter det vi kan sjå, måtte skje på areal fastsett som friområde FR.



Overlagsanalyse av flyfoto for Rauma 2014, samt raster av kommunedelplan for Vågstranda 1995.

Vi kan med andre ord ikkje sjå at det er noko godt grunnlag for konklusjonen i ROS-analysen. Planomtalen nemner ikkje friluftsliv i det heile, noko som er mangelfullt i seg sjølv, i og med at reguleringsforslaget i det minste grensar til friområde i annan plan.

Inn til forholdet til friluftinteressene er gjort greie for i planomtalen, pliktar vi å ha **motsegn** i medhald av plan- og bygningslova § 4-2 (utgreiingkravet i planomtalen). Sjå også neste avsnitt.

Friluftsliv/barn og unge

Innspel ved oppstart

I vår fråsegn til varsel om oppstart opplyste vi om at delar av planområdet var registrert som friluftsområde med lokal bruksverdi, og at dei lokale friluftinteressene må bli omhandla i ei risiko og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse). Vidare gav vi innspel om at friluftinteressene må bli sikra mot eventuelle negative verknader, gjennom avbøtande tiltak.

Planforslag i konflikt med friluftinteressene

Som nemnt ovanfor, er planforslaget etter overlagsanalyse i karta, i strid med friområdet FR i overordna plan. I denne samanhengen vil sikring av friluftinteressene kunne være eit spørsmål om friområdet FR i det heile tatt skal kunne bli endra. Friområdet ligg som ei stripe mellom bustadområde og sjøen, og det er lett å tenke seg at

det kan vere friområde/ badeområde særskilt for bustadene her, og for dei som veks opp i desse bustadene. Kanskje er det også tenkt som badeplass for heile bygda, men det har vi ikkje grunnlag for å konkludere på. Ut frå flyfoto er arealet eigna for bading, sjølv om det ikkje er særskilt tilrettelagt. Det ser også ut til å vere grei tilkomst, både frå bustadområdet og frå naustrekka i vest.

Dersom vi deler inn eksisterande strandsone/friområde etter nærliggande funksjonar, får vi følgande inndeling frå vest til aust 1) 10 meter strandsone framfor naust, 2) 20 meter strandsone framfor bustad, 3) 20 meter strandsone framfor bustadhage, 4) 60 meter open strandlinje mellom bustadhage og byggeområde A1. Sjå figur nedanfor.

I planforslaget blir friområdet redusert med ei breidd på 25 meter i aust. Reduksjonen vil omfatte nær halve strandlinja mellom punkt 50 m og 110 m, som er den delen av friområdet som ikkje allereie framstår som privatisert. Ein slik reduksjon vil etter vår vurdering være ein vesentleg reduksjon av kvaliteten og bruksverdien som friluftsområde.



Utsnitt frå Norge i bilde, flybilde Romsdal 2018 til venstre. Til høgre er ei kartbasert inndeling av friluftskvalitetane langs strandlinje (Utsnitt frå Morotur/illustrert inndelt av fylkeskommunen).

Sidan friområde nær bustader også er viktig for bukvalitet og for barn og unge særskilt, viser vi også til føremålsparagrafen i pålan- og bygningslova, § 1-1, siste ledd, og dei rikspolitiske retningslinjene om barn og unge i planlegginga, punkta 4a og 5b. Desse støttar under **motsegna** og sistnemnde punkt krev at areal som er tilrettelagt for barn og unge, eller er i bruk av barn og unge og som blir omdisponert, skal erstattast av areal med tilsvarande kvalitet.

Samferdsel

Våre merknader knytt til kryss frå fylkesveg 5986 er etterkome. Dette er positivt for trafiktryggleiken. Rekkefølgekrav knytt til kryssutbetringa er likevel noko utydeleg og bør omformulerast. Vårt forslag er slik: "Krav til tiltak ved kryss fylkesveg x kommuneveg; frisikt og rekkverk må vere i samsvar med vegnormalane. Utbetring må vere utført før mellombels bruksløyve/ferdigattest".

Vi gjer merksam på at utbetringstiltak i krysset vil kunne krevje gjennomføringsavtale med Møre og Romsdal fylkeskommune. Før planen kan realiserast, bør vår fagsaksbehandler på samferdselsområdet kontaktast for å avklare roller og ansvar knytt til

bygging langs fylkesvegen. Ved å opprette kontakt tidleg, vil ein få avklart om det er tenleg å inngå ein gjennomføringsavtale for å regulere dei nemnde forholda.

Automatisk freda kulturminne (i sjø)

Saka er oversendt NTNU Vitskapsmuseet for vurdering. Vi vil vidareseende deira fråsegn om marin arkeologi så snart denne føreligg.

KONKLUSJON

Ut frå friluftsiinteressene, jamfør gjeldande kommuneplan og tidlegare registreringar av friluftsiinteresser, samt manglar i planomtalen, har vi motsegn til planframlegget. Motsegna er heimla i plan- og bygningslova § 4-2, og i rikspolitiske retninglinjer om barn og unge i planlegginga, særskilt punkta 4a og 5d, jamfør også pbl § 1-1, siste ledd.

Vi viser til meir detaljert omtale ovanfor.

Våre merknader til samferdselstiltak ser ut til å være etterkome men vi ber om at rekkefølgekrav knytt til kryssutbetring blir formulert meir eintydig.

Vi gjer for ordens skuld merksam på at utbetringstiltak i krysset mot fylkesveg vil kunne krevje gjennomføringsavtale. Vi ber om at kommunen tek kontakt med fagsaksbehandlar for å avklare dette.

Vi vil ettersende fråsegn om marin arkeologi så snart denne føreligg.

Med helsing

Ottar Brage Guttelvik

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur

Fagsaksbehandlar

Samferdsel: rådgivar Ane Øie Jordahl, tlf. 71 28 01 69

Kopi:

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Statens vegvesen